



Bingoen i går gav eit solid tilskot til Stemneplassen!

**Bingonemnda i ungdomslaget bestemte at overskotet på bingoen i går kveld skulle gå til Uskedal friluftslag til drift av Stemneplassen. Det var mykje folk, både spenninga og stemninga var god, og det gav det imponerende resultatet at bingonemnda kunne overføre heile 9.300 kroner til drift av plassen.**

Ove Myhre som er leiar i Uskedal friluftslag, er både svært takksam og glad for at mange støttar så flott opp om Stemneplassen, som no har hatt nokre tyngre år med lite bruk. Utviklinga dei siste vekene er svært gledeleg. Det er tydeleg at folk ønskjer liv på plassen!

Det er no å håpa at aktiviteten framover vert god på Stemneplassen. Mulighetene er mange.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen.